

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sør-Aurdal

Emne: Tradisjoner, tro og segner
omkring jeger og jaktstyr.

Bygdelag: Sør-Aurdal

Oppskr. av: G.A. Brager

Gard: Drager

(adresse): Hedalen, Valdres

G.nr. 95 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter gransking, mange heimelsmenn.

SVAR

- Nr. 1. Eg er frå sidedalen til Vassfaret og Vidalen som er av landets best kjente trakter. Når ein granskar etter med tanke på å finna ut mentaliteten hjå dei kjente jegarane, finn ein ut at desse neppe kjente seg brydde av "uskrevne" jaktlover. Det var harde og hensynslause karar. som var skuld i mange grufulle hendingar.
- " 2 Frå gamalt var dette noko heilt framant for dei.
- " 3 Frå gamalt hadde dei vyrdnad for kviledagen, men kjenner ikkje til om jegarane brydde seg med det ut frå tanken til dyra.
- " 4 Frå gamalt trur eg dei brydde seg mykje om lidning for dyret, men helst tapet av dyret som da kunne berta mist.
- " 5 Slikt trur eg ikkje dei feste seg ved. Det var vel som elles ikkje å valde ulykke.
- " 6 Det er fortalt om mange varsler. Her heiter det, og er ofte kome fram etter granskinga, at når ein eller fleire jegarar på vegen ut fyrst råka ei jente, var det tegn på dårleg jakt.
- " 7 Her kjenner eg ikkje til slikt. Det vanlege var etter felling av storvilt t.d. elg. at grunn-eigaren fekk det halve av kjøtet, resten falt på jegeren eller heile jaktlaget.
- " 8. Nei, med vilt som slakt elles.
- " 9 Slike hendingar er ukjente her.
- " 10 Dette er framant her, kjem ikkje fram nokon stad.
- " 11 Det er heller ikkje kome fram.
- " 12 Elv har det vøre svært lite av her, nesten ikkje kjent, sjølv om han nok held til her i gamle dagar.

- 2
- Nr. 13 Ja, det har nok sume røynt. Stort sett er bjørnen bedtre enn sitt rykte. Sjølv sagt er det slagbjørnar som er fårlege for buskapen.
- " 14 Det var på ymse måtar. Det var da jakt og fangst i feller. . I gamle dagar når bjørnen trudde seg til å koma heilt inn til saterhuset, og reiv nabben ut av fjøsdøra, var det ikkje stor hygge å vera saterbudeie. Då treiv dei gjerne ein varmebrann og sette etter han. Eg har soleis råka ei eldre kone frå det kjente støllaget Grunke som fortalde om korleis beste-mora hennar skremde bjørnen med huging, og ved å sette etter han. Frå V. Slidre har eg noko liknande. Men dette er altså ikkje her.
- "15 Slikt vart ikkje nytta her.
- "16 Ja. det trudde dei, men ut frå heilt naturlege grunnar, dei fekk då bedtre tid til å førebu seg, og viltet fall ikkje so lett frå.
- "17 Her kjenner dei ikkje til at noko slikt hente.
- " 18 Det gjeng nokre sagn om sovore, men det er ingen heilskap som syner kva dei meinte.
- " 19 Det vert fortalt at når ulv kom etter ein som kjørde med hest, og kunne bu seg til åtgjerd, hende dei ut eit reip, og da torde han ikkje lenger fram enn til enden av dette. Hadde den som då ferdast der byrse med og kunne skyta ein av ulvane, fekk dei "blod på tann", og gikk laus på denne, slik at mannen kom meire frå dei.
- " 20. Det hende ikkje her.
- " 21 Det var sikkr t bøner for husdyra, men ikkje slike regelrette.
- " 22 Ja, dette med svarteboka var kjent her, og ved hjelp av henne meinte dei å verna seg mot mangt som var ille. Dette med rovdyra gjekk då innher.
- " 23 Nei, det kjenner vi ikkje til her. Sjølv sagt kunne det vera sume som trudde dei åtte slik gjevnad og gjerne nytta han mot uvenene sine og andre dei var mot.
- " 24 Slike har eg ikkje høyrte om var her.
- " 25 Her kjenner dei ikkje til slike hendingar.
- " 26 Det trur eg ikkje vart rekna med.
- " 27 Ukjent for meg.
- " 28 Det rekna dei med. Forfattaren Mikkjel Fønhus

har henta motiver til bøkene sine frå Vassfaret og Vidalen. Me kjenner til korleis Gaupa kjempa med Troll-elgen. Frå filmen hugsar eg ei chene då han sat framme ved peisen og laga sølvkula som skulle hjelpa fram sigeren. Slike vart støpte. Det er grunn til å merke seg den trua som dei knytte til dette.

- " 29. Her er mange slike sagn som er verdfulle til å syna korleis det heile har ovra seg, men det fell for langt å taka dei med her.
- " 30 Her som elles har det vore for stor blest om rovdyrplaga. Ein bør merke seg at viltkonsulentane no er samde i at desimering av sume dyreartar bryt med samlinja i maturen, og fører ikkje fram. For mange held framleis fast på det synet som burde vera avleggs. Jegarane har den største skula for at viltet er vorte burte. Og sjølv no med minimal mengd vilt held dei fram med å tyna det vesle som er att.